



# ÅRSPLAN

ÅMOTSDAL BARNEHAGE 2018/19



Adresse: Åmotsdalsvegen 1253,3844 Åmotsdal  
Tlf.: 35051375

Styrar: Ann-Christin Freberg Høgetveit

E-post: [amotsdal.barnehage@seljord.kommune.no](mailto:amotsdal.barnehage@seljord.kommune.no)

Seljord kommune si heimeside: [www.seljord.kommune.no](http://www.seljord.kommune.no)

## Innhald

Føreord .....	3
Innhaldet i barnehagen .....	4
Satsingsområde .....	11
Barns rett til medverknad .....	14
Livsmeistring .....	15
Nærmiljøet .....	16
IKT .....	17
Lyd .....	17
Sikkerhetsrutiner .....	18
Matservering i barnehagen .....	19
Dokumentasjon, vurdering og personalutvikling .. ..	19
Faste aktivitetar og rutinar .....	20
Overgang barnehage/skule .....	21
Råd og utval .....	21
Barnegruppa .....	22
Personalliste .....	23
Årskalender .....	24



Uteområdet i barnehagen

## Føreord

Årsplanen er Åmotsdal barnehage sitt program for barnehageåret 2018-2019. Grunnlaget for årsplanen sitt innhald er henta frå Rammeplan for barnehagar, Lov om barnehagar, lokal rammeplan for barnehagane i Seljord, barnekonvensjonen og Handlingsplan for undervisningssektoren i Seljord kommune. Årsplanen legg og til grunn vurderingsarbeid gjort av barna, personalet og foreldra året før. I tillegg er det laga eit informasjonshefte om barnehagen som alle nye foreldre får utdelt.

*"Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling"*

(Barnehageloven: s. 173)

Årsplanen til barnehagen blir med dette eit viktig dokument i samarbeidet mellom barnehage og heim då foreldra får moglegheita til å få meir kunnskap om kvifor barnehagepersonalet jobbar som dei gjer, og kva dei må fokusere på. Foreldra kan då og på bakgrunn av dette gi tilbakemelding til barnehagen om sitt barn, og korleis det fungerer best.

Årsplanen er ei grovskisse og detaljane blir forma undervegs gjennom månadsplanar. Vi vurderer heile tida korleis verksemda fungerer, og gjer på bakgrunn av det justeringar etter kvart.

### **Kvifor har vi eit fokus på barnekonvensjonen?**

*"Barn har behov for spesiell beskyttelse. Derfor har de sine egne rettigheter uttrykt i barnekonvensjonen. Den gir barna de samme grunnleggende rettigheter, uansett hvem de er og hvor de bor".*

Konvensjonen byggjer på prinsippet om at barnets beste alltid skal kome fyrst i alle situasjonar, overalt.

Åmotsdal barnehage, august 2018

Ann-Christin Freberg Høgetveit.

## **Innhaldet i barnehagen**

Barnehagen sitt innhald skal vere allsidig og variert, og blir utformast slik at kvart einskilt barn får opplevingar og erfaringar som støttar utviklinga av kunnskap, evner og haldningar. Samtidig skal innhaldet støtte språkleg og sosial kompetanse gjennom felles opplevingar og samvær.

Rammeplanen seier omsorg, leik, læring og danning skal vere sentralt i barnehagen sitt innhald.

### **DANNING**

*"I barnehagen skal barna få delta i avgjerdsprosessar og vere med på å utvikle felles innhald. Barna skal støttast i å uttrykkje synspunkt og skape meining i den verda dei er ein del av".*

(Rammeplanen s.21)

### **OMSORG**

*"Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik"*

(Rammeplanen s.19)

### **Personalet i Åmotsdal barnehage har definert omsorg som:**

- dekke grunnleggjande behov - "fysisk omsorg" (mat, drikke, søvn, stell)(fysisk omsorg)
- at alle barna blir sett og høyrd
- at alle opplever tryggleik / tillit og får delta / medverke i fellesskapet
- trøyst, glede og humor
- oppmuntre barna til å gje / ta imot omsorg ved at de vaksne er gode rollemodellar
- Gi barna moglegheit til å bli sjølvstendige og oppleve meistring.
- Desse 5 siste punkta fell innanfor " psykisk omsorg".

## LEIK

*"Leiken skal vere ein arena for barnas utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling".*

(Rammeplanen s.20)

Leik er ein viktig del av kvardagen i barnehagen og vi vil leggje til rette for at det blir minst mogleg "brot" i kvardagen til barna, slik at dei får *tid* til å fordjupe seg i leiken. Å korte ned på dagsrytmen, slik at ein som vaksen ikkje "fyller" dagen med for mykje kan bidra til færre "brot". Om ein som vaksen er bevisst på kva for læring som finst i det å leike og samspele med andre barn, og er der som støtte og vegleiar kan barnet utvikle seg på mange område.

Eit leikefellesskap legg grunnlaget for vennskap. Å få delta i leiken og få vener er grunnlaget for at barn trivst og opplev barnehagen som noko meningsfullt. Leiken er også ein arena der barna kan "få leike ut" (bearbeide) opplevingar og erfaringar. Difor er det også ein arena vi må respektere og ta på alvor.

***Kva lærer barnet i høve til motorikk, språk og sosial kompetanse ved å vere i leik?***

**Språk:** I leiken nyttar barnet språket sitt heile tida, både det non- verbale (kroppsrørsle, mimikk etc.) og det verbale språket. I leik med andre barn tek barnet ei anna rolle enn i samspel med vaksne. Mange tør å nytte språket meir, og språket inneheld mindre vanskelege ord og forklaringar.

**Motorikk:** I høve til motorikkens utvikling vil også leikens arena vere god. Barna vil ofte ut i frå eigen motivasjon nytte kroppen i ulike rørsle og rørslemønstre- dette er naturleg for barn. Er vi vaksne medvitne om å leggje til rette for leik kan vi gje barnet allsidige motoriske opplevingar og erfaringar. Etter kvart som barnet skaffar seg rørsleopplevingar gjennom kroppen, vil barnet meir og meir føle seg som eit kompetent og fritt individ ( få meistringskjensle).

Eit viktig sitat:

*"Alle friske barn beveger seg. De er i bevegelse fordi:*

- *De er levende og vil utforske og eksperimentere.*
- *De har oppgaver å løse*
- *De har noe "å fortelle"*
- *De skal skaffe seg viten om seg selv og omgivelsene".*

**Sosial kompetanse:** I leiken kan også sentrale område innanfor sosial kompetanse utvikle seg, men det er viktig at dei vaksne fylgjer med og er tilstades saman med barna.

I leiken kjem det naturleg fram ulike situasjonar der dei vaksne kan bidra til å fremme barnas evne til *empati* (å kjenne att og vere i stand til å setje ord på egne og andre sine følelsar), *prososial atferd* (å ynskje å vere til hjelp og nytte for andre), *sjølvhevding* (å hevde sine egne rettar, og sine meiningar, ynskje og behov), *sjølvkontroll* (å kunne kontrollere sine egne aggressive og egoistiske impulsar, og å takle det at andre har ynskje som går på tvers av egne ynskje), og *glede og humor* (å vise humoristisk sans og ta initiativ til moro, og føle glede ved eigen og andre sin meistring).

**Dei vaksne kan støtte utviklinga av desse områda ved å:**

- bekrefte følelsar hjå barnet ved å setje ord på dei følelsane ein ser hjå dei, og la barnet vite at ein forstår.
- hjelpe barnet i å løyse konflikhtar på ein god måte ved å setje seg ned ved barnet, la det fortelje og saman kome fram til ei løysing.
- "sjå" barnet og ikkje berre prestasjonane, og la det forstå at det er verdt noko nett som det er.

*Eit eksempel på dette kan vere å gjere noko saman med barnet som barnet synest er givande, og at ein har det moro saman. Vis barnet at du likar å vere saman med det.*

Nokre viktige sitat om leik;

*"Med sitt trylleformular "på liksom" skaper barna i sin fantasilek en sfære der alt er mulig" (Eli Åm)*

*"Barna, med leken som sitt viktigste redskap, spiller selv en aktiv rolle når det gjelder å skape en meningsfull ramme rundt sitt samvær. Med leken skaper barna orden av kaos". (Eli Åm)*

*"I leken fremstår det lille barnet med en verdighet vi elles ikke ser, som fritt subjekt og forpliktet deltaker" (Eli Åm)*

## I Åmotsdal barnehage vil vi jobbe for å fremme barnas leik ved å:

- Endre dagsrytmen slik at det blir minst mogleg "brot" i kvardagen, og barna får *tid* til å starte og utvikle leiken.
- Gi barna idear til leiketema ved å jobbe med bl.a. eventyr, og la dei få gode felles erfaringar og opplevingar.
- Inspirere til leik ved å ha ulikt materiell og rekvisittar tilgjengeleg.



Gode samspel kan gje gode erfaringar som ein kan ta med seg vidare i livet.

## LÆRING

*"Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine..  
Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra i eiga og  
andre si læring"*

(Rammeplanen s.22)

I barnehagen er det viktig at vi vaksne støttar barna når dei er nysgjerrige og undrar seg over noko, og at vi er aktive i forhold til barnas lærings situasjonar. Nokre barn tek lett initiativ til å oppsøkje lærings situasjonar, medan andre kan hende treng litt meir støtte frå vaksne i høve til nett dette. Vi må vere sensitive overfor kroppsspråket til barna slik at dei som ikkje meistrar å formidle seg verbalt, også blir forstått, og får moglegheit til å lære om ting dei er interesserte i.

Barnehagen skal styrke barns læring i formelle og uformelle lærings situasjonar. Dei formelle situasjonane er planlagt og leia av personalet. Dei uformelle lærings situasjonane er nærare knytt til kvardagssituasjonar som til dømes måltid, påkledning, leik og andre rutinesituasjonar. Begge desse formene for læring er like viktige.

*Relasjonens betydning* i forhold til utvikling og læring hjå barnet har kome meir fram no, samtidig som at ny teori om at *barn er ulike og lærer til ulike tider* skal takast omsyn til.

Læring i barnehagen skal gje barn grunnleggjande kunnskap på ulike område. Vi vaksne har difor eit ansvar i høve til å nytte dei sju fagområda som står i Rammeplanen.

## PROGRESJON

*"Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang"*

(Rammeplanen s. 44)

Barnehagen skal leggje til rette for at dei ulike aldersgruppene får varierte opplevingar og erfaringar innanfor leik, aktivitetar og læring.

Ein skal vere bevisst på barnas føresetnader, interesser og behov når ein planlegger aktivitetane, og det er viktig at barna får kjenne ein indre motivasjon ved å møte eit miljø som "passar" deira alder og modning.



## I Åmotsdal barnehage vil vi arbeide med fagområda på desse måtane:

### Kommunikasjon, språk og tekst:

- song, rim, regler, rytme
- bli kjent med bokstavar
- språksamling
- lesing
- dramatisering av eventyr, segn og liknande
- vere gode samtalepartnerar for barna

### Kropp, rørsle og helse:

- turar i variert terreng
- bruk av gymsal
- variert, sunt kosthald
- lære om hygiene
- ski- og sykkeldagar
- Bevegelsar til musikk
- veksling mellom aktivitet og kvile

### Kunst, kultur og kreativitet:

- Besøke ulike stader knytt til lokal bygdehistorie
- litteratur
- ulike formingsaktivitetar
- song, dans, musikk
- dramatisering av lokale segn og historier
- lokale mattradisjonar
- Lære litt om lokal, nasjonal og internasjonal kunst og kulturuttrykk (markere samenes nasjonaldag)

### Natur, miljø og teknikk:

- nytte nærmiljøet
- lære om årstidene - planter, dyr, vèr
- søppelrydding

### Etikk, religion og filosofi:

- markere jule- og påskehøgtida
- tid til undring
- vere førebilete for barna
- støtte barna i ulike situasjonar
- "Rettighetsslottet"- eit undervisningsopplegg i høve til Barnekonvensjonen
- Forut barneaksjon

### Nærmiljø og samfunn:

- vitje arbeidsplassar i bygda
- bli kjent i nærmiljøet
- nytte området ved Gapahuken
- Skianlegget i Bergebakken

### Antall, rom og form

- bli kjent med geometriske former
- bli kjent med tal
- spele spel, leike med ulikt konstruksjonsmateriell
- sortere og samanlikne
- bli kjent med mengde og vekt

### "Så høgt"



### Moro i ski/akebakken



## Satsingsområde

Språkstimulering og Sosial kompetanse er 2 område som vil vere konstante i høve til satsingsområde.

## Språkstimulering

*"Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og påverkast av alle sider ved barnets utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening".*

Barnehagane i Seljord nyttar språkpermar med materiell, metodikk og språkteori. Permane er eit resultat av eit toårig språkprosjekt, og det er i tillegg samla verktøy og lokalt kulturstoff. Språkstimulering er ein høgt prioritert del av barnehageverksemda, og det skal merkast at vi arbeider mykje med språk.

I forhold til dei fleirspråklege barna nyttar vi i tillegg til faste språkgrupper, *teikn (norsk med teiknstøtte), konkretar, bilete og musikk med bevegelsar*. Vi har erfaringar med at spesielt *teikn* kan vere ein veldig god støtte om ein ikkje har det verbale språket å gjere seg forstått med, fullt og heilt.

### **I Åmotsdal barnehage vil vi jobbe med språkstimulering på denne måten:**

- Vi har bokstavar, tal og symbol tilgjengeleg for barna.
- Nytte leikemateriell og spel.
- Ulike konkretar, teikn (NMT- norsk med teiknstøtte) og bilete
- Nytte bøkar og litteratur
- Nytte språkgrupper, der vi jobbar med ulike språkaktivitetar ut i frå alder og føresetnader..
- Rim og regler
- Lytting ( ikkje berre "høyre", men også "lytte")
- Vere bevisste på at vi er språkmodellar ved bl.a. å snakke tydeleg, gjenta og setje ord på det som er rundt barnet.
- Nytte TRAS (tidleg registrering av språk) (med samtykkje frå foreldra) Dette er eit "verktøy" vi kan nytte for å fylgje barna si utvikling, og sikre at barna med forsinka språkutvikling ikkje blir oversett.
- KoPs (Kognitivt Profil- System)- eit hjelpemiddel som blir bruka ved behov for å kartlegge barns *evner og føresetnader for å lære* på nokre område.

## Bruk av teikn (NMT- Norsk med teiknstøtte)

I ein gruppe med mange barn, vil det vere ulike behov for språkleg støtte.

NMT- Norsk med teiknstøtte gjer oss ein moglegheit til å nytte teikn saman med barna, i tillegg til det verbale språket.

Teikn er med på å underbyggje det vi ynskjer å formidle verbalt.

Veldig små barn kan også få ein ekstra støtte i bruk av teikn fram mot eit meir utvikla verbalspråk.

### I Åmotsdal barnehage vil vi jobbe med NMT- Norsk med teiknstøtte på denne måten:

- Få rettleiing i bruk av NMT på personalmøta.
- Nytte teikn i gruppetida.
- Nytte teikn så godt som råd i kvardagen.
- Vi nyttar "månadens teikn".
- Teikn for barna og dei vaksne sine namn.
- Teikn knytt til bilete.



## Sosial kompetanse

*" Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar, og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel"*

(Rammeplanen s.22)

Sosial kompetanse handlar om å meistre samspel med andre, eller som Kari Lamer seier: *" det handler om å lykkes i å omgås andre"*. Det er eit satsingsområde som er viktig at ein jobbar med heilt i frå starten. Å jobbe med dei 5 hovudområda i sosial kompetanse er ein prosess som krev sensitive og varme vaksne.

### **I Åmotsdal barnehage vil vi jobbe med sosial kompetanse på denne måten:**

- Barnekonvensjonen om barns rettar. Barnehagen byggjer sin verksemd på reglar gjeve i barnekonvensjonen gjennom lovverk og rammeplan. Difor er det viktig at dei vaksne i barnehagen er med på å gje barna meir innsikt i innhaldet i denne konvensjonen. Det er 4 og 5 åringane som jobbar meir systematisk med dette undervisningsopplegget i gruppe.
- Praksisforteljingar på personalmøte ( ei hending i barnehagen som nokon frå personalet skriv ned). Hensikta er å skape refleksjon, med fokus på vaksenrolla.
- Jobbe for å vere vaksne som bl.a. bekreftar, vegleiar, støttar, trøystar, motiverer og syner interesse.

Eit sitat frå barnekonvensjonen:

*"FNs konvensjon om barns rettigheter handler særlig om toleranse og likeverd. Barn som tidlig får en grunnforståelse av hva toleranse og likeverd innebærer, vil ikke bli de første til å erte et barn som på en eller annen måte er annerledes enn dem selv"*

## Barns rett til medverknad

*"Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for hva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen".*

(Rammeplanen s.27)

Å gje barn rett til medverknad handlar ikkje om å la barna få gjere som dei vil. Det handlar heller om å leggje til rette for praksis der alle opplever at dei blir høyrd og at det har innverknad på det som skjer i kvardagen deira. Dei vaksne må la barna kome med tankar og meiningar og ta dette på alvor. Barna skal bli spurt, høyrte og akseptert for det dei seier og meiner. Synspunkta skal vektleggast i forhold til barnets alder, modning og forståing, og ein skal handle ut frå det som er til det beste for barnet. Ved at barna får erfaringar i å bli høyrte og at meiningane deira blir teke på alvor, kan det vere større moglegheit for at dei seinare i livet vågar å seie si meining og stå imot gruppepress.

### **I Åmotsdal barnehage vil vi jobbe med barns medverknad på denne måten:**

- Barn og vaksne skal bli meir kjent med barnekonvensjonen om barns rettar.
- Legge til rette læringsmiljøet inne slik at leiker og materiell som barna kan nytte, er lett tilgjengeleg for alle. På denne måten kan dei sjølv hente seg ein leike eller noko materiell dei ynskjer å halde på med.
- La barna vere med på alle daglege gjeremål.
- Ha ordensbarn som skal vere med å bestemme i dei ulike samlingane som finst i barnehagen.
- Barna takast med i planlegginga av månadsplan.
- Barna må få moglegheita til å meistre- la dei få prøve mest mogleg sjølv, med vaksne som støtte og motivasjon.

*Det handlar om å la barn få medverke innanfor ei ramme som dei har føresetnader for å kunne medverke i. Dette kan vere med på å fremme deira sjølvbilde.*



## Livsmeistring

*"Barna skal få støtte til å mestre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med egne og andre sine kjensler".*

(Rammeplanen s.11)

Livsmeistring er eit relativt nytt omgrep i Rammeplanen, og det er eit omgrep som har kome mykje meir i fokus i barnehagesamanheng.

Tydinga i omgrepet er relativt eksplisitt. Det handlar om å mestre livet, og då også dei utfordringar og motgang som kan kome. Om vi som vaksne kan støtte barna gjennom den motgangen som kjem ved å bekrefte og motivere; "eg skjønner at du synest dette er vanskeleg, men dette kan du klare", kan det fremmast ei indre "robustheit" som gjer dei betre i stand til å takle skuffelsar, uvilje m.m.

### **I Åmotsdal barnehage vil vi jobbe med livsmeistring på denne måten:**

- La barna få delteke i alle daglege gjeremål.
- La barna få moglegheita til å prøve mest mogleg sjølv, med oss vaksne som støtte og motivasjon.
- Setje ord på dei kjenslene vi ser hjå barnet ("gå over broen til barnet"), anerkjenne, og vegleie dei vidare.



## Nærmiljøet

*"Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda".*

(Rammeplanen s. 55)

Dette vil vere med på å styrke barnas identitet og tilhøyring til bygda, og dei kan få auge på nærmiljøets mange ressursar.

Naturen gjev rom for mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og i all slags ver. Vi ynskjer at barna skal oppleve glede ved å ferdas i naturen og få grunnleggjande innsikt i natur, miljøvern og samspelet i naturen. (Vi nyttar nærområdet for å lære barna om dyr, fisk, fuglar, insekt og planter.

Friluftaktivitetar og uteleik har ein sentral plass i barnehagens kvardagsliv.)

### I Åmotsdal barnehage vil vi jobbe med nærmiljøet på denne måten:

- Å ta med barna i den lokale butikken når vi skal handle mat til barnehagen
- Å besøke ulike bønder i bygda for å sjå på forskjellige dyr.
- Å gå mykje på turar for å sjå på fuglar, insekt, planter osb.
- Å besøke stader i bygda som er knytt til kunst og kultur





## **Digitale media**

I fylgje Rammeplanen bør barna i barnehagen få oppleve at digitale verktøy kan vere ein kjelde til leik, kreativitet og læring.

Vi ynskjer at barna skal få kunnskap om og lære å ta i bruk ulike digitale verktøy på ein nyttig måte.

### **I Åmotsdal barnehage vil vi jobbe med digitale media på denne måten:**

- Barna får nytte kamera, stasjonær pc og I pad som barnehagen har
- Utforske og lære saman med barna
- Lære barna å vere bevisst når ein nyttar desse media.



Det er moro å lære seg å spele saman med nokon.

## **Lyd (lydnivå i barnehagen)**

På ein plass der det er mange barn og vaksne saman, vil det alltid vere mykje lyd. Høg lyd er ikkje bra for hørsla vår, difor ynskjer vi å fokusere meir på dette.

### **I Åmotsdal barnehage vil vi jobbe med lyd på denne måten:**

- Dei vaksne er rollemodellar i høve til å nytte "innestemme".
- Lyddempande element som teppe
- Knottar under stolar/bord
- Dele meir i grupper.
- Nytte meir teikn

## Sikkerhetsrutiner for bruk av reiskap

Barna skal alltid spørje om å få bruke verktøy, og det skal alltid vere ein vaksen som har oppsyn med barna når dei nyttar reiskap. Den vaksne er ansvarleg for at bruken er i tråd med sikkerhetsrutinane. Ein skal alltid ha tilgang til fyrstehjelpsutstyr og telefon ved slike aktivitetar. Ved misbruk av reiskap får ikkje barna nytte reiskap lenger den dagen.

Kniv:

- Max 2 barn skal spikke samstundes
- Den vaksne som har ansvaret for spikkinga skal ikkje ha andre arbeidsoppgåver
- Kniven skal ikkje takast ut av slira før barnet sit klar, og barnet skal leggje kniven tilbake i slira når det er ferdig med å spikke
- Den vaksne skal rettleie og vise korleis ein skal spikke, til dømes at ein alltid skal spikke utover, vekk frå kroppen
- Det skal vere trygg avstand mellom barn som spikkar, og det opprettast ei sikkerheitssone framfor den / dei som spikkar
- Barnet må klare å stoppe spikkinga dersom andre barn kjem for nære
- Barna skal vere godt informert om reglane før dei får spikke

Sag:

- Den vaksne skal rettleie og vise korleis ein nyttar ei sag
- Den vaksne som har ansvar for saga skal ikkje ha andre arbeidsoppgåver

Hammar og spiker:

- Den vaksne skal rettleie og vise barna korleis ein nyttar hammar og spiker
- Den vaksne som har ansvar for snikringa skal ikkje ha andre arbeidsoppgåver
- Plankar med spiker skal ikkje ligge og slenge slik at nokon kan trakke på dei

Barnehagen gjer merksam på at ein aldri kan garantere at det ikkje vil skje uhell når ein nyttar verktøy som kniv, sag, hammar og spiker.

## **Matsservering i barnehagen**

I fylgje Rammeplanen skal barnehagen legge til rette for at barn tilegnar seg gode vanar, haldningar og kunnskap om kosthald, hygiene, aktivitet og kvile. I 2007 kom det nye retningsliner for matsservering i barnehagen. Dei tar for seg ulike sider ved måltidet i barnehagen:

- Kor ofte bør ein ete
- Kor lenge bør eit måltid vare
- Dei vaksnes rolle under måltidet
- Hygiene
- Innhald av mat og drikke

Det vi serverer av mat og drikke i barnehagen er ein stor del av barnas totale kosthald. Heim og familie har det grunnleggande ansvaret for barns kosthald, men barnehagen har innflytelse på barns matvanar, ernæringsstatus og helse. Det er matlaging kvar onsdag (bakst/varmmat annakvar veke), der dei ulike gruppene er med.

Vi serverar alltid fiskepålegg til brødmåltida, og har minst eit varmt måltid med fisk i månaden. Frukt og grønnsaker får barna servert kvar dag. Som tørstedrikk nyttar vi vatn. Vi har ikkje pålegg som inneheld mykje sukker, og vi feinar bursdagar med frukt eller grove vaflar.

## **Dokumentasjon, vurdering og personalutvikling**

Arbeidet i barnehagen skal vurderast ut frå kriterier i Barnehagelova, Rammeplanen og lokal rammeplan for Seljord. Arbeidet skal vurderast, skildrast og analyserast. Vi skal ikkje evaluere kvalitet i forhold til enkeltbarn, men kvaliteten på korleis vi vaksne samspekar med barna.

### **I Åmotsdal barnehage vil vi jobbe med dokumentasjon, vurdering og personalutvikling på denne måten:**

- Praksisforteljingar. Ei praksisforteljing er ei hendig i barnehagen som nokon av personalet skriv ned. Refleksjon og drøfting over eigen praksis er nøkkelord. Målsettinga er å få vaksne som reflekterer og er bevisste i høve til si eiga rolle i barnehagen.
- Kurs, som omhandlar viktige sider ved barnehagens verksemd.
- Pedagogmøte og fagtreff, der personalet frå alle barnehagane i kommunen deltek. Dette er arenaer for felles refleksjon, drøfting og læring.
- Personalet får rettleiing i høve til vaksenrolla

## Faste aktivitetar og rutinar

- 5-årsgruppe: Det blir i løpet av året gruppeaktivitetar for 5-åringane. Aktivitetane vil blant anna vere språksprell, språkleikar, arbeid med tal, former og mønster. Det blir eit ekstra fokus på skuleførebuande aktivitetar.
- Aldersinndelte språkgrupper med språkaktivitetar ut i frå barnas alder og føresetnader.
- Underhaldning på joletreffesten og 17.mai
- Tri sosiale samankomstar for barn, personale og foreldre. (Barneaksjon/basar, Lucia og påskelunsj)
- Markere barna sin fødselsdag med flagg, song, ljøs og "rakettar" i samling. Barnet som har fødselsdag får velje mellom frukt og grove vaflar.

*Dersom eit barn i barnehagen skal ha barnebursdag heime, og ikkje alle barna i den aktuelle aldersgruppa blir invitert i selskap, ber vi om at invitasjonane blir levert privat.*

## Overgang barnehage / skule

Barnehagen og skulen skal i samarbeid leggje til rette for overgangen frå barnehagen til fyrste klasse. 5 åringane er med på førskuledagar saman med 5 åringane i Flatdal, der dei bl.a. gjer aktivitetar saman med fadderer sin, og der dei får leike saman for å bli betre kjent. Eit godt samarbeid mellom barnehage og skule er ein god start for barnet.

## Råd og utval

- **Foreldrerådet** skal hjelpe til med at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø. Alle foreldra er med i foreldrerådet.  
*For 2018-2019 er desse valt:*  
Leiar: Hilde Laila Dyrland  
Nestleiar: Maria Fremmerlid
- **Samarbeidsutvalet (SU)** skal vere med på å drøfte barnehagen sitt innhald og fremme kontakt mellom barnehage og lokalsamfunn. SU er sett saman av ein representant for foreldra, ein representant for dei tilsette, og ein representant for eigar, dvs. ein politikar frå Seljord kommune. Styrar i barnehagen er skrivar.  
*SU i 2018-2019 er:*  
Representant for foreldra: Hilde Laila Dyrland. Vara: Maria Fremmerlid  
Representant for personalet: Randi M. Luseter  
Vararepresentant for personalet: Tove L. Aase  
Representant for eigar: Margit Karlsen  
Skrivar/styrar: Ann-Christin Freberg Høgetveit



Gapahuken vår

## Barnegruppa-2018-2019

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
<b>2013</b>				
Ingrid		Ingrid	Ingrid	Ingrid
Cindy	Cindy	Cindy	Cindy	Cindy
Kjetil	Kjetil	Kjetil	Kjetil	Kjetil
<b>3</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>3</b>	<b>3</b>
<b>2014</b>				
Håkon		Håkon		Håkon
Timo		Timo		Timo
<b>2</b>		<b>2</b>		<b>2</b>
<b>2015</b>				
Johannes	Johannes	Johannes	Johannes	Johannes
Kristoffer	Kristoffer	Kristoffer		Kristoffer
<b>2</b>	<b>2</b>	<b>2</b>	<b>1</b>	<b>2</b>
<b>2016</b>				
Selja		Selja		Selja
Kjersti	Kjersti	Kjersti		
Lita	Lita	Lita	Lita	Lita
<b>3+3</b>	<b>2+2</b>	<b>3+3</b>	<b>1+1</b>	<b>2+2</b>
<b>2017</b>				
Tore	Tore	Tore	Tore	Tore
<b>1+1</b>	<b>1+1</b>	<b>1+1</b>	<b>1+1</b>	<b>1+1</b>
11 barn	7 barn	11 barn	6 barn	10 barn
15 plassar	10 plassar	15 plassar	8 plassar	13 plassar

## Personalliste - 2018-2019

Namn	Stilling	Dagar på jobb
Ann-Christin Freberg Høgetveit	Styrar	Alle
Tove L. Aase	Barne- og ungdomsarbeidar	Måndag og onsdag
Sissel Aase Haugan	Assistent	Tysdag, torsdag og fredag
Jane Kolnes	Assistent	Tysdag, onsdag, torsdag og fredag
Anne B. Barstad	Spesialpedagog	Måndag, tysdag, onsdag og torsdag
Randi Merethe Lusetter	Pedagogisk leiar	Måndag, tysdag, onsdag og fredag
Anita Langåsdalen	Assistent	Måndag, onsdag, torsdag og fredag
Stine Helen N. Bakke	Logoped	Ved behov

## Årskalender 2018-2019

Veke	Dato/dagar	Aktivitet
	<b>2018</b>	
34	20.08	Oppstart av nytt barnehageår
35	28.08	Foreldremøte i barnehagen
41	08.10-12.10	Haustferie på skulen
43	24.10	Forut prosjekt med basar
43	26.10	Planleggingsdag. Barnehagen er stengt
43	Avtal dato	Foreldresamtalar
50		Lucia- feiring for barna, personalet og foreldra
52	24.12-01.01	Joleferie- Barnehagen er stengt
	<b>2019</b>	
1	02.01	Planleggingsdag . Barnehagen er stengt
8	18-22.02	Vinterferie på skulen
9	01.03	Markere fastelaven
13		Foreldremøte
13		Helsesyster kjem på besøk i barnehagen
15	10.04	Påskemåltid for barna, personalet og foreldra
16	18-22.04	Påskeferie (Onsdag stenger barnehagen kl 12.00)
18	Avtal dato	Foreldresamtaler
18	1.5	Off. høgtidsdag
20	17.05	Grunnlovsdag
22	30.05	Kristi himmelfartsdag
24	10.06	2 pinsedag
24	14.06	Planleggingsdag. Barnehagen er stengt
24 eller 25		Sommarfest for barna, personalet og foreldra.

OBS: Datoane, vekene og aktivitetane kan bli endra undervegs.